



Taktikkmøte i skyggen på Ekeberg i fjor. Yngve Guddal er trener for Rosenborglaget

**Rosendal Turnlag stillar med 5 lag og Trio med 2 i årets Norway Cup som startar søndag. I fjor stilte dei to Kvinnheradlaga 12 lag. 8 uskedelingar spelar i år medan det var 17 i fjor**

Med atterhald om at nokon kan vera gløymt er det desse uskedelingane som skal boltra seg på Ekebergsletta:

**I pulje 6 og 10, gutar 7-er, 15 og 16 år:**

Hans Fredrik Zimmer  
Marius Myklebust  
Kjartan Tungesvik  
Hermod Døssland

**I pulje 9, gutar 7-ar, 13 og 14 år:**

Emil Bakke Berntsen  
Sondre Myklebust  
Karsten Andre Haugland  
Anders Bakke Berntsen er hjelpetrener

**I pulje 12, jenter 7-ar, 13-14 år:**

Katrine Saghaug

Leiar Arvid Nes har håp om at 2 eller 3 lag skal gå vidare til sluttspelet.

Han meiner at gutelaget 13/14 er eitt av dei. Her spelar mellom andre 3 talentfulle uskedelingar. Også Rosendal 1 med gutane 15/16 bør ha sjansen sjølv om dei er i ein hard pulje. Eitt eller 2 lag til kvartfinalane bør vera mogeleg meiner den dyktige og iherdige leiaren.

Ein kamp skal sendast direkte i TV2 men det er ingen uskedelingar på dette laget. Kampen går klokka 15.10 måndag og er mellom Rosendal og Namsos, det siste er eit fyrstedivisjonslag på topp.

Av Ola Matti Mathisen